

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 25.11.2024

Vår ref.: 202224815-28 Oppgi ved kontakt


Dykkar ref.:

ABP Fjernvarme AS - Høyring av endring av fjernvarmekonsesjon

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) har fått søknad 15.11.2024 frå ABP Fjernvarme Drift AS (ABP).

NVE gav 28.03.2023 konsesjon til ABP for eit fjernvarmeanlegg i Mongstad industripark i Alver og Austrheim kommunar. No søker dei om endring av fjernvarmeanlegget. Dei viktigaste endringane er som følger:

- Varmekjelde endrast frå spillvarme til sjøvarmepumpe med ein samla installert effekt på 25 MW
- Konsesjonsområdet innskrenkast - opphavleg tunneltrasé går ut og blir erstatta av sjøleidning til fjorden



Figur 1: Illustrasjonen viser oppdatert konsesjonsområde og er henta frå søknaden.

ABP skriv i søknaden at årsaka bak endringane er at det opphavlege anlegget med varmeopptak frå prosessindustri ikkje lenger let seg realisera. ABP søker dermed om å



endra varmeinstallasjonar til sjøvarmepumper med ein samla installert effekt på 25 MW. Konesjonsområdet er vidare innskrenka til å ikkje omfatta tunneltrasé og ein varmesentral som var i opphavleg konsesjon.

ABP informerer om at endringane dei søker om no er omtala som fase 1 i søknaden. I søknaden omtalast og planer om ein fase 2, men dette er meint som ei orientering og vil først søkast om ved eit seinare tidspunkt.

Høyring av søknaden

NVE sender med dette søknaden på høyring. Me viser til søknad med vedlegg for nærmare informasjon. Desse er tilgjengelege på nettsidene til NVE: www.nve.no/12990/A.

I forbindelse med NVE si høyring av saka ønskjer me innspel på mellom anna følgande:

- Kva meiner du/de om ABP sine planar?
- Er konsekvensane godt nok greia ut?
- Forslag til justeringar av planane for å redusere eventuelle negative verknader

NVE ønskjer innspel på tiltaket beskrive under fase 1 av søknaden. Det omfattar endringa av varmekjelde, og verknader som følgje av installasjon av sjøvarmepumper.

Høyringsfråsegn kan sendast via skjema for høyringsfråsegn som de kan finne på [ovannemnde nettstad](#) for saka.

De kan også senda fråsegn som e-post til nve@nve.no (merk med «Høyringsfråsegn 202224815» og legg med namn/organisasjonsnummer), eller som brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen 0301 Oslo.

Frist for å senda høyringsfråsegn er 6. januar, 2025.

NVE minnerom at fjernvarmeanlegg som er konsesjonsbehandla er fritatt kommunal byggesaksbehandling, jf. SAK10 § 4-3 «Unntak frå krav i Plan- og bygningslovgivningen for visse tiltak som behandles etter andre lover». Konsesjonær er sjølv ansvarleg for at alle krav til bygg i teknisk forskrift er oppfylt så langt dei passar.

NVE sender saka på høyring til partar som kjem fram av vedlagd høyringsliste. Me pålegg hermed ABP Fjernvarme Drift AS om å snarast vidaresenda dette høyringsbrevet til aktuelle grunneigarar, rettshavarar og andre som bør kjenna til saka. Stadfesting på utsendinga skal bli sendt til NVE.

Med helsing

Kim Robin Holm
seniorrådgivar

Jo Arne Marvik
rådgivar

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar

**Mottakarliste:**

Austrheim kommune

Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) - Region Vest

MILJØDIREKTORATET

EQUINOR ASA

Fiskeridirektoratet

TECHNOLOGY CENTRE MONGSTAD DA

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

VESTLAND FYLKESKOMMUNE

ALVER KOMMUNE

Kopimottakarliste:

ABP FJERNVARME DRIFT AS